



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 22.06.20.

### Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: **Tysdag 16.06.20.**  
Møtetid: **kl 1900-2100**  
Møtestad: **Kyrkjekontoret i Sogndal på Fossetunet**

**Frammøtte:** Einar Skeie, leiar, Rasmus Stokke, skrivar, May Kristel Bødal, nestleiar, Marie Bukholm, medlem, Inger Johanne Talle 1.vara, Vegard B. Lie- sokneprest  
Diakon Gitte T. Torstad deltok i første del av møtet

Terje Hauståker og Margunn Lomheim, fråfall

### Opning:

- Einar ønskte velkomen og gjekk gjennom saklista
- Ord for dagen ved Vegard

### Sak 14/20 **Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 11.02.20.**

Det planlagte møtet 24.03 vart avlyst pga koronapandemien

*Godkjent*

### Sak 15/20 **Besøk av diakon Gitte T. Torstad. Orientering om oppfølging av Handlingsplanen for frivillige medarbeidarar og rutineskildringar for oppgåver som kyrkjevert, tekstlesar m.m.**

Mal for rutineskildringane er komne. Ønskjeleg at sokneråda skal gå gjennom dei friviljuge tenestene og lage rutineskildringar. Og få lagt det på nettet. Har ein lik mal for alle sokna. Kan ta føre seg tenestene som ein har og vurdere endringar. Kva betyr det å vere medliturg? Å vere kyrkjevert? Å vere tekstlesar? Finne ut ein måte å jobbe på for å få nedfelt rutinane, t.d ei gruppa på to for kvart av områda. Korleis rekruttere? Døme velkomstbrevet. Noko ligg ute på kyrkja si nettside for Stedje som døme.

*Konklusjon: Soknerådet arbeider vidare for å finne ein måte å få nedfelt rutineskildringar, med sikte på å ha arbeidet klart på seinhausten.*

### Sak 16/20 **Endringar/oppdateringar av Gudstenesteplan og møteplan frå 16. juni og ut november 2020. Friluftsgudsteneste på Sogn Folkemuseum 21.06 vert flytta til Kaupanger kyrkjegard.**

Grunna smittevernsreglar er det store utfordringar med kyrkjebygget, avstand og talet på frammøte pga utforming av kyrkjerommet. Berre ein dåp om gongen. Kan ha utegudstenester på sommar og haust. Kan måtte ha konfirmasjon i Stedje kyrkje. Det blir olsokgudsteneste, skulestartgudsteneste, konfirmantpresentasjon og nytt konfirmantkull i august. Vipps vert annonsert. Ikkje plakatar.

*Dei neste soknerådsmøta: Tysdag 25 august, 22 sept., 17 nov.  
Sjå vedlagt plan for oppdaterte datoar for gudstenester og møter.*

**Sak 17/20      Status for økonomien i SR**

Nesten ingen inntekter på offergåver i mars og april, offer via VIPPS på utegudsteneste Kristi Himmelfartsdag 21.05. Utgifter til jubilarer har gått sin gang.

*Grunna fråfall frå kasserar Terje kunne det ikkje leggjast fram heilt nøyaktige rekneskapstal på møtet.*

**Sak 18/20      Me set av ca 10 min til å drøfta: Korleis har koronapandemien påverka oss sidan tiltaka med stengde kyrkjer starta 12. mars? Konsekvensar for kyrkjebesøk, dåp, konfirmantar m.m. Ingen digitale gudstenester i Kaupanger.**

Har vore nokre få digitale gudstenester i distriktet, og eit digitalt innslag i opptak frå Kaupanger 17 mai. Ringing med kyrkjeklokkene kvar laurdag frå påskeaftan og fram til pinseaftan. Konfirmasjonsgudstenestene er utsett til laurdag 24. oktober. Vore ein del folk på kyrkjegarden, og plakatvandring på kyrkjegardane fram til 2. pinsedag. Materialet er no lagra på kyrkjekontoret. Godt besøk på utegudstenesta Kristi Himmelfartsdag med 43 frammøtte.

**Sak 19/20      Orienteringssaker: a) Siste nytt om oppstart for riving av kyrkjegardsbygg og oppføring av ny kyrkjestove.** Det var eit møte med kommunen 11.06. Ikkje fått tilbakemelding om oppstart.

**b) Brev frå biskopen om ny gudstenesteordning, liturgi, sokneråds kurs del 2**

Vegard orienterte om skriva som har vorte sendt ut. Sak om dette blir sett opp på eit soknerådsmøte til hausten.

**c) Aksjon med å gje pengestøtte til samarbeidsprosjekt med misjonsorganisasjonar og sokneråd (SMM).** Bakgrunnen er ei oppfordring frå biskopen på bispevisitasen i 2018 og no ei ekstra oppmoding om å ta del i solidaritetskampanjen i desse koronatider – «Krafttak for misjon – saman som kyrkje i heile verda!». Soknerådet vil prøve å ivareta dette med å støtte kampanjen med offerpengar som kjem inn på gudstenesta 21.06 pluss ein ekstra sum frå soknerådet. Må vurdere dette saman med kasserar, me må betala etter evne grunna underskot i 2019.

**d) Vidareføring av sokneprest-stillinga.** Vegard Bondevik Lie opplyste at han held fram i vikariatet som sokneprest for Kaupanger sokn inntil vidare. Kathrine Valle held og fram som vikarprest i delstilling.

**Sak 20/20      Ymse: Ekstrasak frå Gitte  
Arbeidskomite for innvandrararbeid**

Det gjeld arbeid /oppgåver i kyrkjelyden med menneske som kjem frå andre land. Kyrkjekontoret ønskjer å ha ei gruppe frivillige knytte til Stedje og Kaupanger sokn som er interesserte og som dei kan støtte seg til. Soknerådet vil kunne sjå på det som ein del av det diakonale arbeidet, og samspele med gruppa.

*Konklusjon: Kaupanger sokneråd ønskjer å støtte etablering av ei arbeidsgruppe for arbeid med innvandrarar, og ser med glede på at diakon opprettar gruppa.*

For Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke  
skrivar

Einar Skeie  
leiar